

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe **Saksbehandlar**

2010/164 Trond Sætereng

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Invitasjon til å delta i styre for nasjonalpark/verneområde

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune viser til invitasjon frå Miljøverndepartementet dagsett 14.12.2009 og ønskjer å delta i eit styre for forvaltninga av Folgefonna nasjonalpark med tilhøyrande verneområde.

Saksutgreiing:

Om invitasjonen

Miljøverndepartementet v/Miljøvernminister Erik Solheim viser til den nye *forvaltningsmodellen* for verneområda som er omtala i Miljøverndeptet sin budsjettproposisjon for 2010. Her framgår det at kommunane vil få forvaltningsmynde gjennom deltaking i politisk samansette nasjonalpark- og verneområdestyre. Ei god og aktiv forvaltning av nasjonalparkane er avgjerande for å sikra verneverdiane.

Den nye forvaltningsmodellen inneber at nasjonalparkar med verneområda skal forvaltast at eit interkommunalt politisk *nasjonalpark-/verneområdestyre* med 1 representant frå kvar av kommunane det gjeld i tillegg til ein frå fylkeskommunen. Styret skal syta for ei heilskapleg og kontinuerleg forvaltning på tvers av administrative grenser og innanfor naturmangfaldlova og verneforskrifta for det enkelte verneområde.

Eit tett og konstruktivt samarbeid med dei ulike brukarinteressene i verneområda er heilt naudsynt for å få ei god forvaltning, og styret skal difor samarbeida med andre partar som har interesse i området gjennom eit breitt samansett fagleg rådgjevande utval bestående av mellom anna grunneigarar og andre offentlege organ.

Sekretariatet for styre skal vera ein *nasjonalparkforvaltar* tilsett av fylkesmannen. Gjennom si tilknytning til fylkesmannen sitt fagmiljø, vil forvaltaren medverka til eit breitt tilfang av kunnskap. Tilsetting av forvaltaren vil skje i nær dialog med styret, og fovaltaren vil vera underlagt styret i saker som gjeld forvaltning av verneområda. Kontorplassen skal vera i nær tilknytning det aktuelle verneområdet.

Miljøverndepartementet har som mål å etablera den nye modellen for dei kommunane som ønskjer det i løpet av 2010.

Kommentar frå rådmannen

Eit lokalt styre vil sikra lokalt eigarskap til forvaltninga. Dette vil ansvarleggjera både forvaltarane, brukarane og næringsdrivande til beste for ei berekraftig utvikling.

Stiftinga Folgefonna Nasjonalparksenter har frå før eit styre som består av dei 5 ordførarane. Den institusjonen har dermed frå før erfaring frå felles forvaltning av nasjonalparkinteressene.

Nasjonalparksenteret ligg i Rosendal, og det er naturleg at nasjonalparkforvaltaren vert lokalisert her. Saman med Statens Naturoppsyn vil grunnlaget vera lagt for eit fagmiljø som kan utvikla seg vidare.

Uttale frå Eldrerådet:

Har ikkje fått saka framlagt for uttale

Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:

Har ikkje fått saka framlagt for uttale

Økonomisk konsekvens:

Finansiering av ordninga vil skje gjennom løyvingar over statsbudsjettet. Det er ikkje forutsett kommunal finansiering av forvaltningsordninga. Når ordninga er etablert, vert utgiftene med verneområdeforvaltaren dekkja av staten gjennom fylkesmannen som øyremerkte midlar. Drifta av styra vil sortera under miljøverndeptet over budsjettet til DN.

Nye stillingar kan gje skatteinntekter til kommunen

Miljømessig konsekvens:

Ikkje relevant

Vedlegg:

Invitasjon frå Miljøvernministeren.